

Prosjektskildringar BARK-søknader Hordaland 2018

Prosjekta er dels skildra i dette dokumentet. Vedlagt vår søknad til Riksantikvaren ligg i tillegg søknadene slik dei vart leverte til Hordaland fylkeskommune. Det som framkjem i dette dokumentet er ei kort skildring av dei einiskilde prosjekta med vekt på målet for prosjektet, kostnadsoverslag og finansiering. Sjå vedlagte søknader for informasjon om kommunal forankring av prosjekta i kommuneplanar og liknande, informasjon om parkering, med meir.

Prosjekt	ID	Mål	Kommune	Kostnad	Omsøkt tilskot
Steinalderstien	66703 m.fl	Fjerning av skog og prosjektering	Austrheim kommune	584.000,-	292.000,-
Skaganeset	97070 m.fl	Vidareføring av tilretteleggingsprosjekt	Sund kommune	220.000,-*	50.000,-
Munkarøysi	55574	Skilting og merking av gravrøys i samband med tursti	Granvin herad	35.100,-	11.250,-
SUM				839.100,-*	353.250,-

* Totalkostnad prosjekt Skaganeset er ikkje endeleg fastsett. Sjå utdjupande informasjon i prosjektskildringa. Dette får innverknad på total prosjektkostnad, men vil ikkje få konsekvensar for omsøkt tilskot.

Det er ikkje sett opp eigeninnsats for Hordaland fylkeskommune i kostnadsoverslaga for prosjekta anna enn for prosjekt Munkarøysi. Det må likevel påreknast betydeleg eigeninnsats for Hordaland fylkeskommune i alle prosjekta i form av oppfølging, kvalitetskontroll og utarbeiding av skjøtselsplan.

Søknader frå kommunane ligg vedlagt. Merk at det for alle søknadene var naudsynt å be om meir detaljerte budsjett og å redusera søknadssummen. For alle søknader er det difor lagt til eit nytt budsjett med søknadssum på slutten av søknaden. Det dette budsjettet og søknadssummen som er gjeldande, ikkje søknadssum nemnd i fylkeskommunen sitt søknadsskjema.

Steinalderstien, Austrheim kommune

Søkjar: Austrheim kommune

Hogst av skog på steinalderlokalitetar og prosjektleiar tilrettelegging

Askeladden ID: 66703, 6696, 232412, 55438, 36150, 45734, 55439, 6697, 25770, 25771, med fleire.

Prosjektet

Austrheim kommune har saman med Radøy kommune tidlegare søkt midlar til opprusting av eldre tilrettelegging av kulturminne i Fosnstraumen. Kommunane fekk tilsegn om tilskot til dette i 2015. Dette prosjektet er no straks ferdigstilt. Under arbeidet med prosjektet kom det fram tankar om å gjera delar av stien universelt utforma.

Austrheim kommune fekk i 2017 tildelt kr 400.000,- i tilskot frå Hordaland fylkeskommune til eit fyrårnprosjekt for formidling av forhistoriske kulturminne, prosjekt «Steinalderstien». Prosjektet er ei universelt utforma rampe inn til ein utkikksplass som skal gje utsyn til kulturminne på begge sider av straumen. Før det er mogleg å ta til med dette prosjektet er det naudsynt å fjerna granskogen frå området. Dette er avgjerande både av omsyn til formidling, for å sikra utsyn frå området, for å gjera området der tiltaket skal gjennomførast tilgjengeleg, og for å sikra tryggleiken til kulturminna. Hogst er eit kostnadskrevjande tiltak grunna at omsynet til kulturminna legg sterke føringar på korleis arbeidet kan utførast. Skogen er heller ikkje hogstmoden. Arbeidet med rampe vil vera eit omfattande prosjekt, og for å få framgang i dette prosjektet er det naudsynt med ein prosjektleiar. Austrheim kommune går no vidare med prosjektet, og søker tilskot til fjerning av granskog og til prosjektleiing for vidare arbeid med den universelt utforma rampa. Kommunen har vore i dialog med Hordaland fylkeskommune vedrørande hogst, og fylkeskommunen vil vera tett involvert i det vidare arbeidet.

Då prosjekt «steinalderstien» er heva fram som fyrårnprosjekt innan BARK i Hordaland er dette prosjektet vår fyrste prioritet i søknad om tilskot frå Riksantikvaren. Skjøtselsplan for området er under utarbeiding. Hordaland fylkeskommune vil stilla krav om at det ligg føre skriftleg avtale om vedlikehald av skjøtsel før arbeidet med rydding av skog tar til.

Budsjett	Kostnad
Fjerning av skog (eks mva. Det er innhenta pristilbod)	240.000,-
Administrasjon	36.000,-
Prosjektleiing fyrårnprosjekt Steinalderstien	308.000,-
SUM	584.000,-

Finansiering	
BARK-midlar	292.000,-
Eigenkapital Austrheim fjerning av skog	120.000,-
Eigenkapital Austrheim prosjektleiar	136.000,-
Administrasjon Austrheim kommune	36.000,-
SUM	584.000,-

Skaganeset, Sund kommune

Søkjar: Sund kommune

Vidareføring av prosjekt for tilrettelegging av Skaganeset

Askeladden ID: 97070, 97071, 97073, 97074, 97076, 97079, 97082, 97084, 60616, 161054, (161056, 161057, 161058, 15883).

Prosjektet

Prosjekt Skaganeset/Kvalvågen vart omsøkt som forprosjekt i 2017. Prosjektet vart tildelt midlar, og undervegs i prosjektet vart det avgjort at det ikkje var naudsynt med så omfattande forarbeid som antatt og at det av ymse grunnar var ynskjeleg å gjennomføra fleire av tiltaka i 2017. Riksantikvaren er munnleg orientert om denne endringa, og Sund kommune vil formelt søkja omdisponering av midla. Alle gjennomførte tiltak er i tråd med intensjonen i prosjektet, og er gjort for å leggja til rette kulturminna på Skaganeset for formidling. Det er gjennomført omfattande rydding av lokalitetar, og stiane i området er merka og rydda. Det er no gjenoppretta utsyn til sjø frå fleire av lokalitetane. Hordaland fylkeskommune har kontrollert avgrensinga på lokalitetane og vil oppdatera denne i Askeladden. Dette var naudsynt grunna formidlinga av området, til dømes skiltplassing og anna. Skjøtselsplan for området er under arbeid.

Det omsøkte tiltaket var eit forprosjekt, men vart endra til del ein av eit hovudprosjekt for tilrettelegging av området. Sund kommune søker no om midlar til ferdigstilling av tilrettelegginga av området. Sund kommune ynskjer å supplera skiltformidlinga med formidling via ein applikasjon, og søker midlar til å gjennomføra dette. Tiltaket omfattar mellom anna dronevideo av området, implementering av QR-kodar og nye bilete. Skiltstativa er levert kommunen, og skilt er under arbeid.

Budsjett	Kostnad
Oppfølging/administrasjon	40.000,-
Studentarbeid*	120.000,-*
Dugnad stell/vedlikehald/informasjon	10.000,-
Arbeid med innhaldet på web applikasjonen «Ord i spreke spor»	5000,-
Implementering av QR-kodar og nedlasting på ulike plattformer	20.000,-
Videosnutt med drone	20.000,-
Nye bilete frå kulturminneløypa	5000,-
SUM	220.000,-

Finansiering	
BARK-midlar	50.000,-
Studentinnsats *	120.000,-*
Eigeninnsats kommunen	40.000,-
Dugnadsinnsats	10.000,-
SUM	220.000,-

* Sund kommune har studentar i praksis. Dette var òg tilfelle i 2017, då kommunen hadde to arkeologistudentar arbeidande med prosjektet. Mengda studentarbeid for 2018 er framleis uavklart då dette er avhengig av kva studentane ynskjer arbeida med og kor stor trong det er til vidare arbeid med formidling knytt til prosjektet. Dette gjer det usikkert kva den totale prosjektkostnaden vil vera. Annan eigeninnsats er tilstrekkeleg til å fylla kravet til eigenfinansiering, og studentinnsatsen er slik ikkje vesentleg for grunnlaget for søknaden.

Munkarøysi, Granvin herad

Søkjar: Granvin Turlag

Formidling av kulturminne i samband med merking av tursti

Askeladden ID: 55574

Prosjektet

Munkarøysi er ei gravrøys frå jernalderen. Røysa er godt synleg i terrenget, og det vert gjort årleg skjøtsel av grunneigar. Den gamle gangvegen ligg tett ved kulturminnet. Granvin Turlag vil formidla Munkarøysi til publikum som del av prosjektet «Stølstrimmen». Ein av stiane i Stølstrimmen vil vert merka slik at den passerer Munkarøysi, og turlaget ynskjer tilretteleggja kulturminnet med informasjonstavle for å gjera det kjent for bygdefolket og andre. Turlaget vil òg formidla informasjon om nyare tids kulturminne i nærleiken. Prosjektet er eit lågterskeltilbod for alle, og turlaget vil marknadsføra turen mot skuleborn og deira historieundervisning. Grunneigar og Granvin herad er svært positive til prosjektet.

Budsjett	Kostnad
Layout (HFK)	7000,-
Omsetjing tekst (HFK)	600,-
Skilt	8500,-
Utarbeiding tekst (HFK)	5000,-
Material til merking (stolper, pilskilt, maling)	6500,-
Registreringskasse i terreng 2 stk	5000,-
Trykkmateriell, info	1500,-
Driftsutgifter rydding terreng	1000,-
SUM	35.100,-

Finansiering	
BARK-midlar	11.250,-
Granvin turlag	11.250,-
Eigeninnsats HFK	12.600,-
SUM	35.100,-